

# AUSTEVOLL SENTERPARTI

Ei lita bok om politikk

2019-2023



Nærleik til folk. Nærleik til tenester. Nærleik betyr noko.



## **Verdigrunnlaget vårt.**

**Austevoll Senterparti er eit næringsvennleg parti  
som ynskjer framsteg og utvikling.  
Me står midt i sentrum av Norsk politikk.**

Ein god skule og gode oppvekstvilkår for borna våre er  
viktige faktorane for å bygge Austevolls-samfunnet  
rundt.

Senterpartiet står for eit Kristent liberalt livssyn.  
Me ynskjer å behalde kyrkjestrukturen som han er og  
halde bygga ved like.

Ei open og inkluderande kyrkje med rom for alle.

Senterpartiet meiner at kulturlivet må få den næringa det  
treng for at det skal blomstre att.

Slik skal Austevoll igjen verte den beste kommunen i  
landet å bu i.

## Samferdsle:

- SP skal fortsette kampen for gratis ferger til Austevoll. Dagens ordning er distrikts fiendtlig. Det skal ikkje være dyrare å reise til Austevoll enn til våre nabokommunar.



Austevoll må behandlast likt med andre når det gjeld prising av samferdsle.

- Sp krev betre rutetilbod i begge retningar samt pendlerferje til Stord, morgen/ kveld.
- Sp aksepterer ikkje lengre bompengeinkreving i Austevoll. Me krev at det no vert løyvd offentlege midlar til utbetring av Austevolls-vegane.
- Dei fleste nabokommunane våre har før hatt ferje. No er det berre Austevoll og Fedje i Hordaland som er heilt avhengig av ferje. Me har heilt andre transportkostnadar enn våre nabokommunar. Det må det no takast omsyn til.

## Helse:



- Sp vil styrke den offentlige tannhelsetenesta.
- Me vil at maten på PO senteret skal lagast frå grunnen av, og tilby pårørande og besøkjande å kjøpe mat der.
- SP Meiner at kommunen skal drifta offentlige tjenester innen helse og omsorg.
- Me ynskjer eigen demenskoordinator i Austevoll.
- Sp vil arbeida for framtidig døgnbemanna bustader for rusmisbrukarar, med personalet som har spesialkompetanse innan feltet. Sp ynskjer erfaringsmedarbeider til kommunen.
- Me vil arbeida for eit ekstra bufellesskap og ambulerandes team som kan yte tenester til heimebuande psykisk utviklingshemma.
- Sp ynskjer at BPA ordninga skal verte kommunal.

## Born, skule og oppvekst:



- SP ynskjer å tilrettelegge for meir fysisk aktivitet i skulen.  
Me ynskjer minst eit måltid for dagen til alle klassetrinn på skulen. Forskning syner at dette fører til betre læring.
- Sp vil ha minst ein kommunal barnehage.

## Bornas landsby.



- Sp ynskjer å legge til rette for naturleikeplassar som me kallar «Barnas landsby», på ulike stader i kommunen.
- Sp ynskjer å legge til rette for minst ein hundepark i kommunen

## Kommune/ administrasjon:

- Sp er framleis imot kommunesamanslåing.
- Sp vil sørge for eit ope kommunehus der ein kan kome utan å tinge time.  
Me ynskjer handsaming av enkle saker over disk. Berre saker som fører til løyve skal utløyse gebyr.  
Stenginga av kommunehuset kvar torsdag skal gjerast om. I staden skal ordførar og rådmann den dagen ta aktiv del i sakshandsaming og kundesamtaler over disk der folk kan kome med sakene sine og ting dei måtte ha på hjartet.



- Sp meiner at kommunen må ta samfunnsansvar og bruke lokale aktører og arbeidskraft meir.
- Sp meiner at det må bli lettare for dei som ynskjer det å få heile stillingar.
- Sp meiner at Passkontoret, Skifteretten, Landbruksforvaltninga, Reinhaldstenester og Skattekontoret må attende til Austevoll før me igjen kan kalle oss ein fullverdig kommune.

## Næringsliv:

- Sp vil berre akseptere ein god Kystsoneplan som tek vare på både fellesskapet og havbruksnæringa sine interesser. Særs sårbare områder må takast vare på slik havforskninga anbefaler.



Ei fantastisk næring, der dei som produserer reinast må belønnast.

- Næringssjefen si rolle må favne om alle sider av næringslivet.
- Kommunen må få augene opp for små næringsaktørar som er i ferd med å forsvinne. Smed, blikkenslager og andre. Me treng dei.
- SP ynskjer eit levande kystsamfunn.
- Sp skal leggje til rette for unge som ynskjer å etablere eiga verksemder. Til dømes kystfiskarar.
- Sp vil arbeide for å få til kvitfiskmottak i Austevoll.

## Landbruk

- Austevoll Sp ynskjer ei redusert hjortestamme. Hjorten er no så tam at han går i hagane til folk, og øydelegg avlingane til bøndene. Hjorten er også ein fare for trafikantane.
- Jordvernet må styrkjast og kulturlandskapet må takast vare på.
- Me må bevare urørd natur med spesielle verdiar.



Å drive aktivt landbruk har mange sider ved seg. Turismen nyt blant anna stor vinst av eit velstelt landskap og velhaldne gardar.

Lokal matproduksjon skapar velhaldne bygder og landområder og sikrar nasjonal matvaretilførsel og beredskapslager.

## **Integrering:**



- Sp meiner det vert gjort eit godt arbeid med integrering av innvandrarar i kommunen. Dette arbeidet må fortsette med stort fokus.

Alle som buset seg i Austevoll må takast vare på.

## Miljø:

- SP Vil jobbe for miljøvennlig og bærekraftig utvikling innen havbruk, fiskeri og landbruk.
- SP ser viktigheten av at fleire viker og områder skal vernast mot hummerfiske og leppefiske.
- Viktige områder med djupvasskoraler må fredast.



- Forsøpling av naturen er eit problem. Boss som flyt rundt SIM sine containarar er uakseptabelt. SP krev at SIM ryddar opp i problemet snarast.
- Det må verte gratis for private å levere boss til miljøstasjonen i Porsdalen. Og me vil foreslår ei ordning med ei ekstra henting av boss som er vanskelig å handtere, ein gang i året.
- Senterpartiet meiner at vindkraftdiskusjonen i Austevoll må vere lagt død ein gang for alle.

## Litt om ulikt:



Det er naturleg at det vert fokus på dei bedriftene som skaffar mest inntekter til kommunen. Det er viktig at dei får utvikle seg.

Det betyr ikkje at ein skal gløyme meir marginale virkeområder.

Bygg og anleggsnæringa har levd under forhold dei siste seks sju åra, som minner mest om politisk nedbygging av ei heil næring.

Sp vil snu denne utviklinga med blant anna å vekte annleis i tildeling av oppdrag.

Det handlar om å ta samfunnsansvar, og det vil tene både kommunen og innbyggjarane, og næringa vil kunne bygge seg opp att.

**Det trengs folk til alle typar store og små verksemder**



Utan attraktive bu-miljø får me ikkje folk til å busette seg i kommunen vår.

Kommunen må legge til rette for at folk skal kunne bu og virke der kor dei ynskjer.

Bodskapet vårt er:

La folk få byggje utan endelause planprosessar eller få farten opp på planlegging i kommunal regi.

## Fritidsaktivitetar av ulikt slag må gjevast betre kår .

Dette må skje i gode nærmiljøanlegg.  
Men først og fremst må folk kunne trivast der dei bur.

Det trengs trivselsfremjande tiltak som leikeplassar, friluftsområder, ein liten kafe eller ein pub der folk kan treffast

Både Møkster og Litlakalsøy har fått til ting det står stor respekt av.

Stolmen har kafe, pub, treningsstudio, helsebasseng og nærbutikk på ei øy med mindre enn 200 fastbuande.

Å rive bygningar som ikkje lengre vert nytta av kommunen er ikkje ei god løysing.

Slike bygg kan romme ungdomsklubbar, rockeband, performancegrupper, mekking av bil og moped, hobbyrom og mykje anna.




## Borna våre.



Senterpartiet fremjer begrepet «Bornas Landsby». Natur-leikeplassar der barn og unge skal kunne utfolde seg fritt, byggje seg hytte i tretoppane, drive terrengsykling og aktivitetar heilt utan innblanding. Der skal ein få kjenne på naturen, bruke fantasien og utvikle motorikk i naturlege leik. Dette gjer me i samarbeide med private grunneigarar, og det er tanken at områda skal ha inngjerda plassar for hundepass og rekreasjon.

## Kommunen må vekse seg saman mot midten med gode vegar.

Vidareutvikling av Austevoll-samfunnet og framtidige fellesfunksjonar som kultur bør i framtida skje inn mot eit geografisk sentrum i kommunen. Slik vil Sp. Byggje kommunen tettare saman, og gjere avstand til eit mindre viktig tema.



Vegen langs indre delen av Huftarøy er dårlig og bør avlastast med tre km. veg mellom Åna og Otterå .

## **Austevoll får langt mindre samferdsle enn me har rett på. Tida er inne til å stille krav.**

Austevoll kjem därlegast ut av alle kommunane i fylket. Sjølv med ei betre løysing som ei takstsona i nord sør retning ville gitt, hadde Austevoll vore den kommunen i fylket som kom klart därlegast ut.

Det sitjande kommunestyret legg opp til ein «Austevolls-pakke» med breie vegar og gul midtlinje, som truleg kun let seg finansiert med bompengar.

Senterpartiet er sterkt imot dette og ynskjer heller eit samarbeid med anleggsværksemndene i kommunen for å ruste opp dagens veg til god standars men lågare pris.



Tore Hufthammer engasjerte seg sterkt i gang og sykkelsti til ferjekaien i nord og fekk resultat. Tore sitt valord er.  
«Rettferd i samferdslepolitikken. Me gjer oss ikkje».

## **Det er på sjøen dei store verdiane vert skapte.**

Oppdrett og havbruk må få kår som dei og omgjevnadene kan leve med.. Anlegg som produsere reint må gjevast fortrinn ved konsesjonstildelingar i framtida. Det same gjeld for dei som investerer i anlegg som ikkje tek meir plass enn naudsynt.



Legg tilhøva til rette for fiskeflåten.

Kommunen må strekkje seg langt i å legge til rette forholda slik at fiskerinæringa kan fortsette og utvikle seg og hindre at deler av flåten forsvinn ut av kommunen. Det må leggjast til rette for mottak av kvitfisk i kommunen. Sjarkflåten har store vanskar med leveransesituasjonen som gjer det vanskeleg å drive.

## Helse pleie, omsorg og fellesfunksjonar.

Kommunen skal sjølv ha ansvar for drift av alle fellesskapet sine lovpålagde funksjonar som pleie, omsorg, skular, helsetenester, brann og redningstenesta.

P.O senteret kan likevel kjøpe tenester frå private slik som reinhald og matlaging. Men det må vere økonomisk berekraftig og halde kommunale lønns og pensjonsforhold.



Sp meiner og at kommunen bør drive minst ein barnehage i eigen regi.

Å sete bort viktige fellesfunksjonar frå eit lite øysamfunn er å bygge ned kompetanse i samfunnet som det vert vanskeleg å bygge opp att.

## Skule



Austevoll har fått ein sentralisert skuleprofil som det no er uråd å snu.

Uffordringa framover vert å fylle skulen med nok kompetente lærekrefter slik at elevane får ein god skulekvardag og står best mogeleg rusta etter at siste dagen i Austevoll-skulen er ferdig.

Dette vil alltid vere ei av dei viktigaste oppgåvene kommunen har.

Blått kompetansesenter kan verte eit viktig tilskot til skulemiljøet vårt og må igjen prioriterast.

## **Dei som vil byggje Austevoll skal få eit stort JA.**

Det sit mykje lokale kunnskap bland Austevollingane som må nyttast, og som er avgjerande for at folk føler seg ivaretakne når dei oppsøkjer kommunen.

Sp meiner at det skal fraktast mange konsulenttimar og juridisk kompetente personar til Austevoll frå fastlandet for å vege opp for ein person med lokal kunnskap og ynskje om å drive heimkommunen framover.

Folk som ynskjer å få til noko skal kunne forvente ei veloverveid men raskt Ja der kor det ikkje er spesielle grunner til å seie nei.

Saker skal kunne handsamast over disk og løyve i enkle saker gjevast på dagen.

Berre søknader som får løyve skal krevjast betaling for.



**Alle som søker skal få ja så lenge ikkje finnes  
tungtvegande grunnar til å seie nei.**

Tenk over det.

Hadde det stått NEI ville det bety at noko stansa opp.

Ein bustad. Ein garasje. Eit naust. Ei hytte. Ein liten veg  
inn til huset ditt.

Eller kanskje ei heil næring.

Ta fram Ja stempelet, og få fart på kommunen att.

Det trengs.

**Eigedomsskatt.**

Senterpartiet ynskjer å avvikle eigedomsskatt på verk og  
bruk. Skatten gjev lite attende, er vanskeleg å  
administrere og eit irritasjonsmoment for næringslivet.  
Om naudsynt vil me i staden skattleggje fritidsbustader  
som ikkje tilhøyrar fastbuande.

## Gje stemma di til Senterpartiet til hausten.

Programmet vårt er laga for Austevoll, utan påverknad, men med eit Senterparti i ryggen som støttar oss og distrikts-Norge fullt ut. Me er klare til å kjempe imot ei ny bølgje av kommunesamanslåingar. Me klarte det på eiga hand i 2013 og 2014.

Med hjelpa di den 9. September skal me greie det igjen.

1	Lars Knut Aarland	Byggmester		
2	Sofie Bøe Tømmerbakke	Havforsknind		
3	Ingolv Skumsnes	Bonde		
4	Frode Andersen	Maskinskjef .		
5	Nils Tore Øpstad Melingen	Daglig leder.		
6	Hilde Elisabeth Klepsvik	Sjukepleiar		
7	Tore Hufthammer	Maskinist		
8	Håvard Melvær	Kaptein		
9	Silje Langesæter Rusten	Spes.sjukepl.		
10	Roy Lennart Lie	Offshorearb.		
11	Sigmund Sælensminde	Gravferdskons.		
12	Nija Valantiene	Assistent Po		
13	Trond Merkesdal	Selgjar.		
14	Sindre Fondenes	Ing. offshore.		
15	Geir Inge Haukanes	Marine s.leder		
16	Sigitas Kakareka	Mekanikar		
17	Bjørg Stangeland Njåstad	Sjukepleiar		
18	Hans Reidar Njåstad	Reiar		
19	Ingrid Vågen Duesund	Hjelpepleiar		
20	Magnus Stangeland	Nærinslivsleiar		

**Stem på Austevoll Senterparti i September.**

Du vil garantert ikkje angre.

